

A person wearing a dark winter jacket and a grey beanie is seen from the back, looking out a large window. The view outside is a vast, scenic landscape of snow-covered mountains and a deep fjord. The sky is bright with scattered clouds. The overall color palette is dominated by blues, greys, and whites, giving it a cool, wintry feel.

N  
J  
F  
O  
R  
D

**Ansvarleg marknadsføring**  
Visit Nordfjord 2025



<b>1.</b>	<b>Ansvarleg marknadsføring</b>	<b>S. 3</b>
1.1	Dette skal ein unngå å vise	S. 4
1.2	Dette skal vi vise meir av	S. 5
1.3	Grønvasking	S. 6



# 1. Ansvarleg marknadsføring

I ei tid der informasjon formar haldningar og handlingar, tek vi ansvar for korleis vi kommuniserer med kundar og samarbeidspartnarar. Ansvarleg marknadsføring handlar for oss om meir enn å skape merksemd – det handlar om å byggje tillit, styre forventningar og inspirere til berekraftige val. Målet vårt er å oppretthalde og verne om Nordfjord sin unike natur og levande samfunn.

## **Kvifor er dette viktig?**

Ansvarleg marknadsføring er ikkje berre ei etisk nødvendighet, men òg eit verkemiddel for å skape meir nøgde kundar og eit meir berekraftig samfunn. Når vi styrer forventningar, fremjar respekt for lokale normer og leier gjestar mot kloke val, bidreg vi til positiv utvikling både for miljøet og samfunnet.



## 1.1 Dette skal vi unngå å vise

**Bilete og tekst MÅ vere i samsvar med våre retningslinjer:**

- Feil klesplagg og utstyr i høve til aktiviteten
- Folk i potensielt farlege situasjonar
- Uønskt eller ulovleg åtferd
- KI-generert og/eller kraftig redigert visuelt materiale
- Overnatting utanfor tilrettelagde område
- Bålbrenning i perioden med bålforbod – frå 15. april til 15. september
- Reklame for alkoholhaldige drikkevarer



## 1.2 Dette skal vi vise meir av

**Vi ønskjer ei ekte og ærleg framstilling av destinasjonen:**

- Mindre kjende stader og vinklingar av regionen
- Eit realistisk bilete av kva slags situasjonar ein kan møte som besøkande
- Forventingar tilpassa alle årstider
- Grøn transport og gode miljøval
- Lokale matopplevingar og kortreist mat
- Kunst- og kulturopplevingar, museum og lokalhistorie
- Ansvarleg og trygg ferdsel i naturen
- Innhald som bidreg til lokal verdiskaping og styrkar lokale arbeidsplassar
- Kommunikasjon om verna og/eller sårbar natur på ein forsvarleg måte



## 1.3 Grønvasking

Nordfjord skal framstillast ærleg og etterretteleg som eit reisemål for noverande og framtidige gjester.

Visit Nordfjord har difor signert **Grønvaskingsplakaten**. Vi oppmodar alle som arbeider med marknadsføring av Nordfjord som reisemål, om å gjere seg kjende med og følgje Grønvaskingsplakaten sine 10 prinsipp.